

# Protokoll frå generalforsamling i Gyldenløvsgate 11 Eigedom AS 23. mai 2018

---

**Til stades:** Reidun Loland, Embret Nesset, Jan Petter Horn, Gunnar Opedal, Helge Lindekleiv, Kari Mysen, Knut Elling Pedersen, Dag Olav Hagen, Tobbi Kvaale, Ole Steffen Gusdal, Solveig Lima og Leiv Storsletten

Reidun Bru Loland ynskte velkomen på vegne av både laga og opna generalforsamlinga.

**Sak 1 Val av ordstyrar** Leiv Storsletten vart vald til ordstyrar

**Sak 2 Val av referent** Tobbi Kvaale vart vald til referent

**Sak 3 Val av to personar til å skrive under møteprotokollen**

Dag Olav Hagen og Embret Nesset vart valde til å skrive under møteprotokollen.

**Sak 4 Årsmelding for 2017, 5. driftsår, med orientering**

Leiar Ole Steffen Gusdal gjekk gjennom årsmelding og ei grundig orientering om aktiviteten i driftsåret. Den revisorgodkjende årsmeldinga vart samråystes godkjendt, og vert sendt inn til Brønnøysundregistra. Orienteringa om aktiviteten vart tatt til etterretning.

**Sak 5 Rekneskap for 2017**

Jan Petter Horn gjekk gjennom rekneskapen på ein god måte. Han innleia med å kommentere at Gyldenløves Gate 11 Eigedom AS har ein særskilt god styreleia. Han gjorde oss også merksam på at ein ikkje er pliktig å ha revisor, men at det er ein trygghet me vel å ha. Styret vil til neste år legge med notene slik at det mellom anna kjem fram kor mykje som er overført til Mållaget og BUL iløpet av året. Rekneskapen vart samråystes godkjendt.

**Sak 6 Utbyttepolitikk**

Jan Petter Horn orienterte om at ein no bør byrje å tenke på eigarskap/utbyttepolitikk. BUL og Mållaget må vera samde om korleis ein vil gjera dette. Skal ein taka ut kapital eller låne opp? Dette må ein taka stilling til seinare.

**Sak 7 Val av leiar, styremedlemer og revisor**

Leiarane i dei to laga er valnemnd, og dei hadde fylgjande framlegg til generalforsamlinga:

Leiar: Ole Steffen Gusdal, attval 1 år

Styremedlemer:

Dag Olav Hagen, 1 år igjen

Kari Mysen, 1 år igjen

Jan Petter Horn, attval 2 år

Varamedlemer:

Oddmund Loland, attval, 1 år

Borghild Løver, attval, 1 år

Revisor: Revisjon Sør

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Sak 8 Fastsetting av honorar i rekneskapsåret**

Dei to leiarane i laga la fram forslag til styrehonorar for 2017:

Leiar Ole Steffen Gusdal 8 000 kr\*

Nestleiar Jan Petter Horn 20 000 kr

Styremedlem Kari Mysen 15 000 kr

Styremedlem Dag Olav Hagen 15 000 kr

Skrivar Borghild Løver: 5 x 700= 3500 kr

\* Fordi Ole Steffen har gått av med AFP, ynskjer han ikkje å taka imot meir enn 8000 kr for 2017

For 2018 føreslår vi:

30 000 for leiar, 20 000 for nestleiar og 15 000 for styremedlemer.

Dersom varamedlemer vert innkalla, er honoraret 700 kr pr møte.

Skrivar får 700 kr for kvart møte.

Ovannemnde framlegg vart samrøystes vedteke .

Generalforsamlinga byrja kl. 20.00 og vart avslutta med blautkake kl. 21.10

---

Embre Nessen

---

Dag Olav Hagen